

## Notat

Dato: 25.04.2018  
Arkivsak: 2015/1434-618  
Saksbehandlar: thoare

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Fylkesrådmennene

---

### Felles nettside for samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar lanserte 17. april ein ny mellombels nettstad saman. Den mellombelse nettstaden, [vlfk.no](http://vlfk.no) skal eksistere fram til det nye storfylket er i drift 1. januar 2020. Her finn du nyheiter frå samanslåingsprosessen, oversikt over milepælar, tal og fakta om det nye storfylket, og alt om dei politiske utvala og prosessane og tilhøyrande møte og dokument. Du vil også finne alt knytt til VAL 19 og t.d. prosess med nytt fylkesvåpen på nettsida.

Viktige målgrupper for nettstaden er innbyggjarane i dei to fylka, politikarar, media, tilsette i fylkeskommunane og tillitsvalde, og kommunane og andre samarbeidspartar.

På nettstaden vert nyheiter knytt til samanslåingsprosessen publiserte fortløpande. Alle nyheiter som vert publiserte her, vert samstundes publisert på [hordaland.no](http://hordaland.no) og [sfj.no](http://sfj.no).

Kommunikasjonsplanen som vart vedteken i fellesnemnda 8. mars, legg føringar for kommunikasjonen på og drifta av nettstaden. Nettsidene skal vere oppdaterte, brukarvenlege og oversiktlege.

Den grafiske utforminga av nettstaden byggjer på elementa for ein mellombels grafisk profil som er omtalt i kommunikasjonsplanen.